




Varhaug Misjonshus



Innhold:

Andakt	Side 5
Ungdomslaget	Side 6
Min song	Side 7
Song av Andreas Fitje	Side 8-9
Misjonskvinnene, NLM	Side 10-11

I samtale med kongen	Side 16
Mi bok	Side 17
Reisebrev	Side 18-19
Der mesteren vandra	Side 20-22



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51430937
Fax: 51433364
Mobil: 90889556



Bilopphugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGERSUND
TLF: 51 49 49 50
FAKS: 51 49 49 60
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

SI.BYGG
www.sibygg.no

MESTERHUS – *det blir som avtalt*



FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

1 - 2021
33. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovedorganisasjon:

Norsk Lutherisk Misjonssamband

Formann:
Harald Dyrøy
Mob. 958 23 365

Det Norske Misjonsselskap

Leiar:
Sigrun Bakke
Mob: 957 04 371

Normisjon

Leiar:
Øystein Varhaug
Mob: 970 90 811

Indremisjonsforbundet

Formann:
Toralf Liene
Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misionshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.
Mob: 476 01 167
E-mail adresse:
post@varhaug-misionshus.no

Postadresse:
Pb 103
4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag
kl 2000-2100

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:
E-mail:
redaksjonen@varhaug-misionshus.no
Tlf. 900 58 503

I redaksjonen: Njål Omland,
Eirik J. Varhaug, Sjur Håland,
Karin Lerbekk og Per Åge Skretting.

Frå redaksjonen

Når bladet går i trykken er det meste av vårsemesteret på Misjonshuset over. Me er i mai, og det er kort tid til sommerferie. Stoff til dette bladet er skrive fram til påske. Framleis er det nokså stilt på Misjonshuset. Det har det vore ei god stund nå. Korona som rir oss som ei mare, har medført svært liten aktivitet på Misjonshuset som elles i samfunnet. Men alt er ikkje stengt for det. Med ny teknikk går det an å nå ut til menneske både på Varhaug og langt vidare. Mange møter er «kringkasta» på nettet, slik at me har kunna nå ut med «det gode budskap» digitalt. Nettsida til Misjonhuset er www.varhaug-misionshus.no



I vårbladet pleier me å kunna presentera nye styrer for eigarorganisasjonane på Misjonshuset. Årsmøta er utsett, slik at dette er ikkje klart før til haustbladet.

Denne gongen er det Terje Bøe som har fått utfordringa med å skriva ein andakt. Familien har fått seg hund som så mange andre i desse tider. Til glede og besvær.

Me tenker på litt fornying på misjonshuset, fortel Tron Stokkeland i si helsing frå Misjonshusstyret. Det er planer om å opna opp litt i gangen og flytta stol- og bordlager til eit påbygg. Dette kjem me tilbake til i neste nummer, då teikningane ikkje er heilt spikra fast som ein seier på fagspråket, seier han. Styret gleder seg over at det nå igjen er nytt liv i snekkerverkstaden og i «mekke»-rommet i kjelleren.

Sjur Håland har vore ute med foto-apparatet og PC og drøst med Eivind Varhaug. Han har gjennom snart 80 år opplevd mykje, ja, Sjur har kalla artikkelen for Reisebrev.

«Min Song» er denne gongen frå Jens Ånestad. Han gjekk i 1954 på det som då heitte Solborg ungdomsskule. Det året fekk stor betydning for Jens, ja, like til i dag!

Brit Obrestad har hatt ei opprydding i heimen, og fant då i faren, Paul Obrestad, sin gamle Bibel ein song skriven av Andreas Fitje. Han var Lærar på Lerbrekk skule frå 1896 til 1938. Songen vart sungen i gravferda hans i 1959. Han vart 91 år.

Karin Lerbrekk fortel om kor gildt der er å vera med i kvinneforeninga til NLM.

Arne Lie har skrive i Misjonshusbladet før. Han har lese boka «Kongen forteller» og har gjort seg nokre refleksjonar rundt «I samtale med Kongen» og «I samtale med kvar andre».

Mange er uroa for korleis ungdom klarer seg i desse korona-tider. Sigve Kydland, leiar i Varhaug Kristelege Ungdomslag, fortel kva dei har funne på for å ha det kjekt i lag.

Redaksjonen tek imot stoff og tips. Gjer som Brit Obrestad, send stoff på e-mail til perageskretting@gmail.com, eller ta kontakt med ein av oss i redaksjonen.

Per Åge Skretting



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Opstadveien 643
Postboks 54 – 4368
VARHAUG
Tlf.: 51798700
post@jerentrepenor.no
Org. nr.: 934279980
www.jerentrepenor.no

Regnskapsfirmaet på Jæren

Besøksadresse: Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug. (2 etg på Stuelandsbygget)
Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



www.jarok.no

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66



- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

JÆRBU
GJØDSELPUMPE

Ole G
Nord-Varhaug & Co a-s

Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no


Leverandør av trelast og bygningsartikler



Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærø
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



*Noomi
og Luis*

Hund

Me he fått oss hund, og den lyde av og til namnet Luis. Det har jo vorte ein ny kvardag i heimen etter at me fekk dette tilskuddet. Og me lærer vel stadig noko nytt, både på godt og vondt. De som har hatt valp i hus, veit kva det går i.

Det var fasinerande å sjå Luis når me fekk snø i vinter, det var spennande både å eta og å leika i. Ein kveld gjekk eg tur med han i nysnøen. Han hopte ivrig av gårde i den djupe snøen (og då snakke me fleire cm altså!). Men det gjekk ikkje så lenge før eg såg at snøen begynte å festa seg i pelsen, og dess meir han hopte dess meir snø hang fast. Eg hadde tenkt å gå ei god runde, men når han etter kort tid snudde seg mot meg med det bedande blikket forstod eg han hadde fått nok - han var sleden. Han var fornøgd når han kom heim og Noomi gav han eit varmt bad som smelta vekk den tyngande snøen, og gav han varmen tilbake i den vesle kroppen.

Tankane mine gjekk til eit vers som står i den gamle boka - Hebreerbrevet 12,1-2: ... så lat oss leggja av alt som tyngjer, og synda som heng så fast ved oss, og halda ut i det løpet som ligg framfor oss, med blikket fest på Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar.



På same måten som Luis vart tynga av snøen, så har eg kjent på skuld og skam for ting som eg har gjort og sagt som eg angra på. Det kan tyngja og ta frimodet frå meg. Når eg skriv dette til folk i heimbygda mi, så er det nok fleire som kan ha sett og hørt ting som eg ikkje burde sagt eller gjort.

Eg må erkjenna at eg ikkje klarer å leva opp til min eigen standard (trening, snop osv), og endå mindre Gud sin standard - eg trur begge standardane er gode for meg. Men eg kjem til kort. Derfor er eg glad for at eg kan leggja dette av hos Jesus - få den tilgjevinga han vil gje meg og alle som ber han om det. Og så vil eg festa blikket mitt på Jesus - søkja hans hjelp på vegen vidare. For han kan både skapa tru og hjelpe meg vidare. Det er gode nyheter for meg og for deg.

Terje Bøe



VoldenTollefsen AS

Rådhusgt. 2A, 4360 Varhaug

Tlf. 51 47 22 00 / www.voldentollefSEN.no



Ungdomslaget i koronatider

Sigve Kydland

Det siste året har vore eit annerledes år. Kvardagen til oss alle har vore prega av koronapandemien. Sjøl om det har vore mindre å finna på i kvardagen enn vanleg, har ungdomslaget fått til fleire ting der me har fått samlast fordet om. Då i henhold til retningslinjene som til einkvar tid har vore. Her vil eg fortelja litt om kva me har gjort.

Me har hatt Stuebasarer, der me har sendt andakt, litt underhaldning og trekning, direkte over nettet. I desember hadde me og gåande ein digital julekalender, og mange deltok i konkurransane med hadde der.

Skiweekend vart til skidag. Då reiste me opp fleire frå ungdomslaget til Ådneram på dagstur. Sjølv om veret var regn og litt plussgrader, så var det full aktivitet og godt humør i trekket frå dei opna til stengtid.

Me har og samlast ute i nærområdet, enten det har vore med andakt, bål og grilling på Holmavatn, eller vore på Grøden med skøyter på føttene. Så noko har skjedd kvar einaste laurdag, enten om det har vore ei fysisk samling eller digitalt.

Flaskeinnsamlinga som me kvart år har i januar, fann me ut at var lurast å flytta fram til mai, så me håpar at me kan gjennomføre då i staden for. (Det kjem det ein lapp i postkassen om dette skjer). Om flaskene hopar seg opp og du vil ha dei vekk før, så har med ein postkasse der du kan leggja pantelappen oppi. Postkassen heng på Stuelandsbygget, rett med den supereffektive pantemaskinen til Spar.

Sjøl om året me har vore gjennom no og har lært oss mykje om digitale løysingar, så gler me oss til å komma tilbake til ein meir normal tilstand. Så me (uten digitale barrierer, avstands- og plassbegrensninger) kan få treffa andre ungdommar å ha det kjekt i saman, med Jesus i sentrum.



I postkassen kan du leggje pantelappen, då går pengane til misjonsprosjekta til ungdomslaget

På bildet er det frå venstre Jostein Arrestad, Ådne Skretting og Asle Kydland.
Foto: Hanne Sollesnes



Min song

I songboka over 900 songar, i salmeboka over 800 songar. Den songen eg vil skriva om står ikkje i nokon av dei. Hausten 1954 byrja eg på Solborg ungdomsskule, som det heite den gongen. Då var eg ikkje nokon kristen, og hadde hatt lite kontakt med dei kristelege.

På skulen vart eg kjend med guitar og jenter som gjekk på møtene. Det som fengde meg var ei jentegruppe som song så fint og spelte guitar, mandolin og trekkspel. På ein av songane var koret:

«Å min kjære Jesus, aldri fatter jeg, at du kunne lide, korset død for meg. Takk at lyset skinner alltid klart derfra, takk for hver som finner deg på Golgata.»

Noko rørte seg i hjarta mitt, ein lengt som eg ikkje hadde merka før, og som utover vinteren gjorde at eg sa ja til Jesus. Det er over 60 år sidan, tenk Herren har halde ut med meg heile tida til i dag, tusen takk.

Alt av nåde!

Jens Ånestad



Song av Andreas Fitje

Brit Obrestad

Ein gamal Bibel kan innehalde meir enn akkurat tekstane som står der. Det kan vera blomekort med eit skriftord og ei helsing, eit utklypp frå eit blad, ein song som har gjort inntrykk, eller teikningar frå born. Eg held på med noko rydding i heimen, og då dukkar det plutseleg opp mange ting.

I far (Paul Obrestad, 24.03.1912 – 24.08.1979) sin Bibel fann eg mellom anna denne songen av Andreas Fitje, «Jesus Krist er himmeldrott». Denne var heilt ukjent for meg, så eg skanna den og sende den til Rannfrid Fitje Jessen som er barnebarn til Andreas Fitje. «Ja, eg har songen», sa Rannfrid. «Den vart sungen i gravferda til farfar. Om han hadde skreve fleire songar veit eg ikkje. Men han hadde visst snakka om noko i ei skuffa før han døydde.» Kanskje det kan vere fleire ting som nokon av etterkomarane har? Sidan far hadde den songen har han nok vore i gravferda til Fitje. Han gjekk ein god del saman med Kolbjørn, son til Andreas Fitje, og som dreiv Fitje-garden på den tida.

Eg sende så teksten til Sjur Håland. – Det var ein sterk tekst, den skulle vore med i Lerbrekk-boka. Kanskje du kan få den med i bladet for Misjonshuset, sa Sjur. -Og så skriva litt rundt det.

Dei eldste i bygda kjenner nok namnet til lærar Fitje, men ikkje den yngre generasjonen. Fitje var lærar på Lerbrekk skule, og han var den første læraren som flytte inn i lærarbustaden då den var ny i 1897. Andreas Fitje var født på garden Fitje i Naustdal i Sunnfjord, som den yngste av ti sysken. Han gjekk lærarseminaret på Stord, og hadde ulike lærarpostar inntil han kom til Varhaug som ung lærar våren 1896. Den første tida budde han på lensmannsgarden på Hobberstad, hjå Rakel og Rasmus. Her vart han og kjent med ei jente på nabogarden som heitte Rakel. Dei gifta seg i januar i 1897 og flytte så inn i den nye lærarbustaden på Lerbrekk skule.

På den tida var det berre ei skulestove på Lerbrekk, så Fitje skulte i tillegg på Ueland dei dagane lærarinna hadde småskulen på Lerbrekk. Det vart langt å gå til Ueland i all slags ver. Litt lettare vart det når han etter kvart fekk seg sykkel.

Etter kvart fekk Rakel og Andreas ni born medan dei budde på Lerbrekk. På den tida var det ikkje

snakk om eit eige rom til kvar unge. Etter utskifting på Lerbrekk-garden fekk Andreas Fitje kjøpe jord 800 meter aust for skulen. Her bureiste dei i 1911 og flytte til garden der. Plassen kalla dei Utsyn, men på folkemunne har det alltid vore «sjå Fitje». Og framleis seier me Fitjekrossen om krysset med Lerbrekkvegen og Dysjalandsvegen. Etter at dei flytte dit, kom det fem born til. I heile 42 år var han lærar på Lerbrekk skule.


I gamle dagar hadde læraren stor respekt i bygda. Han fekk ofte ulike tillitsverv. I tillegg til å vera lærar og bonde, var Fitje og heradskasserar i åra mellom 1898 – 1924. Korleis fekk han tid til alt, kan ein undre seg over i dag. Hugs, at å ferdast på den tida var noko heilt anna enn i dag. Fitje sjølv mjølka neppe kyrne. Det var nok ei tenestejente, kona eller borna som måtte trø til. Mjølkemaskin og traktor var det heller ikkje. Men med så stor familie var det godt å vera sjølvforsynt med både mjølk, kjøt og det dei dyrka i jorda, som poteter, grønsaker og bær. Fitje sjølv var oppvaksen på gard, og sikkert både jordnær og glad i naturen. Det har alltid vore mykje blomar i hagen hjå Fitje. Han var heilt sikkert glad i song og musikk. Det står om han at han song i gravferder og sette folket til bords.

Fitje var vant med å gå i kyrkja alt frå barndommen, og den vanen fylgte han. I 1902/1903 vart forsamlingshuset på Varhaug bygd. Her kunne dei nå samlast til møter som dei før hadde gjort rundt om i heimane. Under krigen vart forsamlingshuset okkupert av tyskarane. Då hadde dei møter i hønsehuset hjå Fitje. Det hugsar eg at far snakka om.

I tillegg til Kongens fortjenestemedalje og ei stor sølvskei frå Varhaug kommune, fekk han og stor respekt i bygda. Og han vart ein gammal mann. Han døydde julaftan 1959, 91 år. Kona, Rakel døyde 23. juni 1974 , 97 år.

Denne songen som Fitje har skrive, er eit sterkt vitnemål om ei trygg tru i livet, og på eit liv etter døden. Les teksten fleire gonger, og lat den tala til deg. Eg trur at den må ha gjort eit sterkt inntrykk på far sidan han hadde lagt den i Bibelen. Ein sliten og velbrukt Bibel anno 1922, i gotisk skrift, på eit gammalmodig bokmål.

(Kjelde: Sjur Håland, Kvardsfolksfolk, ei forteljing om Lerbrekk skule



Jesus Krist er himmeldrott

*Melodi: Klippe du som brast for meg
eller: Deilig er den himmel blå*

Jesus Krist er himmeldrott,
men han kjenner oss så godt.
Om me så var små og gløymde
same dag som jord oss gjøymde,
Jesus, aldri gløymer du
den som kjem til deg i tru.

Kvil i fred til dagen renn,
då vår Frelsar kjem igjen!
Ja, han alle sine hentar
heim der roma står og ventar.
Å, det vert vel høgtidsamt
å få sjå på Jesus jamt!

Moder jord ho er vel svart,
å, men kor ho gøymer vart
alt som er av henne runne,
alt som sol har tøygj og spunne.
Alt som Gud har lagt kring liv
etter inn i molda sviv.

Før var grava mørk og kald,
vitna berr' om dødsens vald.
Døden slo, og grava gjøymde.
Ingen fanst som døden tøymde.
Kven kan prisa Gud i grav?
Vonlaust livet slutta av.

Gru for grav tok Jesus vekk
då han ut av grava gjekk.
Som ei seng er tom om dagen
låg hans tome grav i hagen.
Såleis skal og me stå opp
med ein heilt oppnya kropp.

Jesus, takk at opp du stod
så di grav er open no!
Takk at me som før var selde,
bundne under dødsens velde,
me skal fylgia deg ein gong
inn i Himmelten med song!

Sterkare enn båresus,
venare enn orgelbrus
takkesongen alltid tonar
frå dei frelseste millionar
der dei ærar deg Guds Lam
som bar all vår synd og skam.

Andreas Fitje

Frå venstre: Anne Husvegg, Brynhild Halvorsen, Karin Lerbrekk, Magna Helland, Anne Synnøve Ånestad, Ingfrid Nord Varhaug, Sigrid Skretting, Grete Håland, Gerd Margrethe Håland, Else Rage, Astrid Hobberstad.



Misjonskvinnene, NLM, tidlegare Varhaug yngre kvinneforeining.

Dette er ei av fleire kvinneforeiningar som er tilslutta Norsk Luthersk Misjonssamband.

Karin Lerbrekk

Foreininga starta midt på sekstitallet. Ingfrid Nord-Varhaug hugsar at det først vart drive ei jenteforeining, og då denne vart nedlagt, overtok nåverande foreining både uferdig - og ferdiglagda handarbeid som vart gevinstar til den første basaren.

Foreningskvinnene kom ilag annankvar måndag kveld heilt frå starten, og slik er det enno. Møtetid er kl 19.30, me samlast rundt i heimane til medlemmane alt etter kven det passar for. Guds ord vert delt, ein samlast i bøn, deler tankar og det som ligg oss på hjarta. Me liker godt å syngja ilag, songar frå Songboka deler me både via song

og opplesing. Stundom går me gjennom ei bok og samtalar om denne, og me les småstykke frå aktuelle bøker.

Det er servering av mat og kaffi, og me har det gildt ilag. Me er ein god flokk som har samlast gjennom mange år, og me deler glede og sorger, og støttar kvarandre. Misjonsbøssa er og eit fast innslag. Me puttar pengar på bøssa ved kvar foreining, og brukar fast givarteneste, alt etter kva som høver best. Av og til har me besøk av ein misjonær, og vert oppdaterte på misjonsvardagen i det aktuelle landet.

Stundom har foreininga vår ansvaret for maten på misjonshuset, og ei av høgtidsstundene er den årvisse basaren vår tidleg på hausten. I forkant



sit me ei helg på Spar og Coop Extra og sel lodd. Mange støtter oss, så det er mykje pengar som vert samla inn i samband med denne kvelden.

Før var det stort sett handarbeid produsert under - og mellom foreningskveldane, som utgjorde gevinstane. Tida er i endring, og nå er det likesåvel innkjøpte gevinstar av ulike slag som vert loddet ut. Utanom hovudtrekning har me åresal med utloddning av fruktkorger og kaker. Til saman skiftar tusenvis av kroner eigar, og kjem misjonsarbeidet til gode.

Kvinneforeningsfesten er og årvisse. Då er alle kvinneforeiningane på Varhaug samla på misjonshuset. Det er godt å vera mange ilag, gildt å treffast og kjenna på eit stort fellesskap som dreg i same retning.

Eit stort fellesskap får me og vera del i når me er utsendingar til regionsårsmøte og generalforsamling.

Julamessa kjem like sikkert som at jula nærmar seg. Etter som årsmeldinga seier, deltok den yngre foreninga på julamessa på misjonshuset første gong i 1976. Seinare har det vore fast på programmet. Det er nå eit veldig stort arrangement som krev mykje dugnad, og foreninga vår stiller opp med både handarbeid, baking, loddsgålg mm.

Etter å ha samlast rundt om i heimane haust, vinter og vår, plar me gjera litt ekstra utav siste foreining før sommarferien. Me har mykje teke turen til ein kinarestaurant, men og vore på langtur

til Talgje, Lavoll og Jørpeland. Det set ein ekstra spiss på kvardagen når me finn på noko utanom det vanlege.

For ti år sidan skifta foreininga namn. Me var nok fleire som kjende at det skurra litt med at me var dei «yngre», når alderen på medlemmane var frå midt i femtiåra til godt over 70. Frå 2011 har me bore namnet «Misjonskvinnene, NLM». Der kjenner me oss heime.

Kvinner har samlast jamt til foreining år etter år, heilt til for eit godt år sidan. Då blanda noko nytt og ukjent seg inn, nemleg korona. Det siste året har vore sterkt prega av denne «sjefen». Basaren vår hausten 2020 måtte avlystast for første gong sidan foreininga starta, og samkome i heimane har berre tidvis kunna gjennomførast. Me har ei tid fått lov å samlast ti stk, men i skrivande stund er ikkje det heller mogeleg. Så me stundar etter betre tider, og ser fram til å kunna vera ilag som før.



Takk at du tok mine byrder



Takk at du tok mine byrder,
eit høgfjell av skuld og av skam.
Du bar det på skuldrene dine,
du skuldlause, sonoffer-lam.



Takk at du bar mine synder,
betalte mi skyhøge skuld.
Med blod frå ditt fullkomne hjarta,
og ikkje med sylv eller gull.



So vil ved korset eg standa,
med undring eg ser: Eg er fri!
Eg skal ikkje døy, eg skal leva
med Jesus til æeveleg tid.

Hallelujah!



Saman gjennom livet med Jesus i Sentrum

Dette dokumentet seier litt om kva Sentrum Menighet på Varhaug er.

For meir informasjon og kontakt oss skjema sjå www.varhaug-misjonshus.no

Du er hjarteg velkommen til å være med.

1. Om Sentrum Menighet

Sentrum Menighet er ein lokal menighet som held til på Varhaug Misjonshus midt i Varhaug sentrum. Ordet sentrum kjem frå at menigheten ønsker å ha Gud og Jesus i sentrum i vårt fellesskap og våre liv. Vi har tro på at Jesus kan forvandle liv og at alle er verdifulle.

2. Visjon

Saman gjennom livet med Jesus i Sentrum.

3. Oppdrag

- 3.1. I Sentrum Menighet har vi del i eit heilagts ansvar om å be for kvarandre, og å hjelpe alle truande til å bruka bøna, Guds ord og Herrens nattverd, og ta del i det kristne fellesskapet, for at vi kan bli hjå Kristus gjennom heile livet, likesom vi ved dåpen vert sameinte med han.
- 3.2. Matt 28.19-20:
Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar:
Døypt dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk
- 3.3. Sentrum menighet vil:
 - at fleire skal møte Jesus og leve livet saman med han.
 - være ein varm, trygg og inspirerande møteplass for alle generasjonar
 - at mennesker skal bevare trua gjennom alle livsfaser og skape Jesusbegeistring

- at nådegavene skal utfolde seg
- vise raushet, glede og omsorg
- at menneske skal verta døypt, få opplæring i den kristne tru og bli konfirmert

4. Ideologi

Sentrum Menighet er forplikta på Bibelen og tufta på dei Evangelisk Lutherske vedkjennings-skrifta.

5. Satsing områder

- 5.1. Drive aktivt barne arbeid gjennom Awana og samarbeid med Søndagsskulen
- 5.2. Samarbeide med ungdomslaget om ungdomsarbeidet
- 5.3. Faste målretta arrangement for alle aldersgrupper
- 5.4. Være synleg på Varhaug
- 5.5. Bønn og Bibel
- 5.6. Diakoni

6. Organisering

- 6.1. Sentrum Menighet har eit styre og eit eldsteråd vald av årsmøtet. Årsmøtet består av medlemene i Sentrum Menighet. Det er styret som står for den daglege drifta av menigheten, medan eldsterådet har den åndelege leiinga.
- 6.2. Ved behov etablerast det komitear/utval for ulike arrangement og tenester som diakoni, barnearbeid og faste arrangement.
- 6.3. Det meste arbeidet vert utført av frivillige, men løna arbeidarar vert vurdert.
- 6.4. Sentrum menighet er stifta av misjonsorganisasjonane NMS, NLM, IMF og Normisjon på Varhaug.



AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllevei 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

**BYGGMESTER
O d d m u n d
VAGLE**



Tlf 47 63 62 02

Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug

BØEN STORKIOSK
GATEKJØKKEN

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99

Mandag - Torsdag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰ Fredag: 10⁰⁰ - 23⁰⁰
Lørdag: 09⁰⁰ - 23⁰⁰ Søndag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰



KJÆRNEBORING



BETONGSAGING



Rilling av spaltegulv. Graving og dreining. Senking av kjeller. Utmeisling av fjos.

Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



Mobil 970 55 500

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING AUESTAD

MASKINENTREPENØR

VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



butikken

- mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug

Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14



Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798

Hjemmeside: jts.as

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER • REPRASJONER

VIGRESTAD BYGG

I samtale med kongen

Arne Lie

Ei ny bok kom ut like før jul. Den handla om kong Harald og hadde tittelen: «Kongen forteller.» Eg hadde stor interesse av å lese boka. Kongen vår møter mange menneske. Han sit ikkje berre ved kongens bord i Statsråd. Han møter ikkje berre store folkemassar. Han møter enkeltmenneske på Slottet. Han møter rusmisbrukaren på gata, unge som har blitt mobba og barn med ein vanskeleg oppvekst. Han har evne til å lytte. «Kong Harald tror på samtalens nødvendighet. Kanskje fordi han har et våkent blikk for sårbarheten som mange menneske bærer på,» kan me lese. Me høyrer om eit møte kongen hadde med tre av dei som hadde ansvar for gateavisa i Oslo. Dei levde på gata og var storforbrukarar av stoff. Litt nervøse prata dei om korleis dei skulle møte kongen. Dei måtte vel tiltale han med Hans Majestet? Dei måtte ikkje snuble med orda - og sei Hans Majones? Det ville vere krise! – Kongen kom, og desse tre stod oppstilte, spente på korleis dei ville takle situasjonen. Og det som skjedde var at det glapp for ein av dei, og han presterte nettopp å sei til kongen: Hans Majones. – Og den som smilte og lo så hjartelege, var kong Harald. Han tilgav dei så gjerne. – Samtalen med Kongen vart eit vendepunkt for mange. Omsorga frå kongen ville dei aldri gløyme. Kanskje kongen vår hadde ein større konge til førebilete?

I samtale med Kongen.

«Konge er du visst, Herre Jesus Krist,» syng me i påskeveka. For Jesus er kongen. Kongen av ei anna verd. Me les om han i Johannesevangeliet. Fleire er i samtale med Kongen der. Me ser han gå blant folket. Me finn han ved Sykars brønn. Der møter han ei samaritansk kvinne på høglys dag. Ho var ikkje velsett blant jødane. Han unngår ikkje henne. Han spør henne om hjelp, noko som var høgst uvanleg på den tida. Jesus syner henne tillit. Det kjem i gang ein samtale. Det vert eit vendepunkt for kvinna. Jesus vender samtalen frå vatnet i brønnen til levande vatn som gir evig liv. **Det vert ein avslørande samtale.** **Ein frigjerande samtale. Kvinnar har fått møte Kongen av eit anna slag!** Ei ny framtid opnar seg! Eit nytt liv! Ho får noko nytt å leve for!

I samtale med Kongen.

Bøna opnar opp for oss å samtale med Kongen. Det gjeld for alle, med eller utan medalje. Eg har møtt han i dag. Eg høyrde han ikkje, men han høyrde meg. Eg såg han ikkje, men han såg meg. Han velsigna dagen min. Han tok bekymringane mine. Nederlaga mine. Eg fekk tilgjeving. Eg fekk fred. Han tok imot meg slik som eg er. Det var ein samtale som bar tryggleik og håp inn i den nye dagen.

I samtale med kvarandre.

Eg trur på samtalen. Den gode samtalen. Med Kongen som førebilete. Der blikk møter blikk. Der ord spelar på lag. Der respekt og forståing står i høgsete. Der me lyttar til kvarandre. Den gode samtalen som ber og som løfter. Eg trur på ein kyrkjelyd som samtalar, som våger å vere opne både om det som er lett og det som er vanskeleg. Den gode samtalen er frigjerande.

Påska får eit vandrande etterspel. Folk er på heimveg etter påskefeiringa i Jerusalem. Lukas fortel om to menn som går og samtalar (Luk 24). Dei har mykje å snakke om. Dei hadde ikkje fått tak i alt. Det var i grunnen lett å snakke saman medan dei gjekk. Då kjem ein tredje person og vil slå følgje. Dei dreg han inn i samtalen og er forundra over at han ikkje er like engasjert som dei - i det som har hendt denne påska. Dei kjem til eit vegskilje. «Den framande» lest å gå vidare. Då kjem det ei bøn frå dei to andre: «Ver hos oss! Det kveldar, og dagen er på hell.» «Den framande» forlet dei ikkje. Han går med dei. Men først då dei set seg til bords og han ber bordbøna, oppdagar dei kven denne tredje mannen er. Det er Jesus. Det er Han som har stått opp frå dei døde. Det er Han som kjem til alle som er samla og samtalar om hendingane i påska. «For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt i blant dei. (Matt 18.20.)»

Det er rart å minnast at den siste andakten far hadde, den handla om Emmausvandrarane. Der brukte han si forteljarglede til det ytste. Der malte han orda og bøna inn i tilhøyrarane sitt hjarte: «Ver hos oss! Det kveldar, og dagen er på hell.» Morganen etter fann dei han død i senga. Det siste han gjorde var å be Jesus inn i hjarte.

Mi bok

«Bare lyset kan beseire mørket»

Av Sebastian Stakset

Gunnhild Nord-Varhaug

Mennesker kan bygge romskip, skyskrapere og selvkjørende biler. Men vi kan ikke reparere et ødelagt hjerte eller en skadet sjel.- Jesus kan!

Våren 2019 reiste Oddmund og eg til Beitostølen for å delta på Evangeliesenteret sitt vårstemne. Med i sekken eller kofferten, om du vil, hadde eg stappa boka -Bare lyset kan beseire mørket. Eg hadde høyrt omtalen av boka av forlagssjefen i Hermon forlag, og eg syns ho virka aktuell.

Barndomen til forfattaren var himmelvid forskjellig frå min. Eg voks opp på ei perle av ei øy i Ryfylke. Fritidsaktivitetane mine var søndagsskule, barneforeining og idrettslag. Det var ein fantastisk barndom i ein trygg og god heim.

Men så heilt annan start på livet var det for Sebastian Stakset, til tross for at han hadde omsorgsfulle foreldre. Han vaks opp i ein tøff forstad utanfor Stockholm. Han blei tidleg mobba og fekk mykje juling. Sentrumsgjengen gjorde det så vanskeleg at familien måtte flytta til ein annan forstad. Stort betre blei det ikkje der heller. Som 14 åring hadde han alt sjølvordstankar. Og som 26 åring hadde han tenkt å hoppa framføre toget på Karrtorp t-bane stasjon. To minutt før toget kom, ringte broren Geir, som han var svært glad i. Difor tok han telefonen, og medan han snakka, rasa toget forbi. Der og då forstod han for første gong i sitt 26 år gamle liv, at det fantes ein Gud.

Men framleis var han fanga i eit nett av vondskap, driven av hat, innestengt av mørkret og blotta for medkjensle.



Så traff han Isabella.

Det var Gud som sendte henne inn i livet hans. Men den smarta ho måtte bæra under hans år i mørkret, var så umenneskeleg at ikkje noko menneske skulle vore utsett for det. Men ho var lojal og forlet han aldri, sjølv då demonar herja i kroppen og styrtre tankane.

Men pastor Hernan, som kom inn i livet hans, befalte demonane å forlata han i Jesu namn. Og Sebastian fekk erfara slik det står i Joh 8,36 - Får Sonen gjort dykk frie, blir de verkeleg frie.

I dag er Sebastian ein fri mann. Full av Guds ånd, og han brenn etter å spreia Guds kjærleik og lys til menneske.

Boka rørte ved mitt indre. Eg gløymde mest å vera sosial på vårstemnet til Evangeliesenteret

Vil du lesa boka, kan du få låna ho av meg.

Reisebrev frå Eivind

Sjur Håland

Han har vore på kvalfangst i Sørishavet, bygd husvære i New Jersey, tråla fisk i Nord-Stillehavet og pumpa olje i Nordsjøen. Barnetrua har følgt Eivind Varhaug i tjukt og tynt gjennom heile livet.

Blikket er mildt og mjukt. Eivind er kraftig og tettbygd. Sjølv om han mista det meste av tre fingrar på høgrehanda i ein avrettingsmaskin på Kvås, er handtrykket til Eivind så fast at du kjenner krafttaket i eiga hand ei god stund. Nå er det koronatid. Handhelsing får venta. Men ein prat er framleis lov.

Slåsskamp på siloen

Eivind er nummer tre i ein søskenflokk på ni, kor seks lever i dag. Barna kom tett hjå foreldra, Tora og Olav på Ægrå. Det var, forsiktig skrive, livleg på garden. Her var det raust med både hjarterom og husrom. Han som skriv denne teksten hugsar at det vart fortalt at ungane på Ægrå stod på betongloket over tårnsiloen og slåss. Høgt til vêrs. Utan sikring. Eivind stadfestar at historia er sann.

- Me fekk prøva ut kreftene heime, men det var aldri noko vondt mellom oss. Det var Oddvar og eg som slåss den gongen du siktar til, seier han, og smilar breitt.

Bak i klasserommet

Snart átti år kan ikkje summerast på nokre få linjer. Ei velfylt bok hadde passa betre. For undervegs i samtalet kjem det fram at Eivind har opplevd meir enn dei fleste. Blant dei første minna hans er då tyskarane måtte rydda opp etter seg og fjerna minene i strandbeltet på Varhaug-garden i 1945. Sju års skulegang fekk han på det som på folkemunne blir kalla for Universitetet på Lerbrekk. Siste året hadde han lærar Framnes. Det rådde orden og disiplin i klasserommet. Eivind hadde lopper i blodet og lengta ut.

- Då var det ganske greitt å sitja langt bak i klasserommet. Læraren trong ikkje få med seg ganske alt av det som skjedde, seier Eivind.

Sørishavet

Etter skulen var han dreng. Det var lagnaden til dei fleste Varhaug-gutane på den tida. Ei stund var han hjå Jonas Varhaug. Seinare hjå Karl Skrettingland på Odland. Eventyrlysta har nok lege i blodet. Broren, Oddvar, hadde fått hyre på eit skip. Det hadde sekstenåringen Eivind også lyst til å oppleva. Han argumenterte med at Oddvar skulle passa på han.

Foreldra sa ja. Dermed gjekk ferda med den ombygde tankaren Suderøy, frå Haugesund-reiarlaget Knudsen, til Sørishavet via Las Palmas og Cape Town. Oddvar arbeidde på dekk, medan unge Eivind var messegut med ansvar for å stella mat til 32 konstant svoltne mann. Tredekket på skipet var sausa inn med blod og kvalfeitt. Mannskapet hadde piggar under skoa for å unngå å skli.

- Eg måtte vaska golvet med kaustisk soda, for å prøva å halda det sånn nokolunde reint, fortel Eivind.

Mannskapet var greie med den pur unge guten. Men ein gong greiddet han å irritere tømmermannen om bord så pass at tømmermannen kylte øksa i veggen like over hovudet på den unge Varhaug-buen. Ein dag var Eivind på veg ned ein leder med fire fulle kaffikjelar på eit brett. Sjøen var tung og Eivind skleid. Han fekk støvlane fulle av gloheit kaffi. Mannskapet fekk med seg kva som skjedde og fekk slita av han støvlane så kvikt at han slapp unna brannskadar.

«Båten rende inn i ein fjellvegg i Alaska og måtte i tørrdokk».

Til Amerika

Etter kvaltoktet gjekk turen til folkehøgskulen på Kvås. Eivind hadde motorsykkel, friskt mot og stor utferdstrong. Frå Kvås gjekk ferda til jordbrukskulen i Lyngdal. Her arbeidde han med uttak av tunnelmasse for Skjerpe-brørne i fritida. Eine kollegaen her tipsa han om å reise til Amerika. Året var 1964.

- Det synte seg at han som tipsa meg åtte eit tømrarfirma i New Jersey, ein liten times køyretur frå New York. Han sytte for reisepapir og billett med Bergensfjord.

Det vart eit røft møte med ein heilt annan kultur på den andre sida av Atlanteren. Men Eivind vart fort kjent med gode folk frå Norge. Det beste møtet var då han trefte Leid på ei badestrand ved ein av innsjøane i delstaten. Ho var frå Molde og var tilsett som hushjelp i New Jersey. Dei to gifta seg i den norsktalande kyrkja i New Jersey i 1965. Underetasjen i kyrkja var ein ombygd, gammal hestestall. Her vart bryllaupsfesten halden.

Eldste sonen, Ove (1966-2012), var utviklingshemma. Livet vart brått krevjande og annleis. I Norge var alt mykje betre tilrettelagd for både foreldra og Ove. Det var hovudårsaka til at Leid og Eivind valde å venda nasen heimover. Leid reiste heim med dei to gutane, Ove og Magne, i 1968 medan Eivind valde å bli att ei



tid. Han reiste til Seattle og fekk hyre på ein båt som dreiv med skjelfiske.

- Ingen suksess, seier Eivind. – Båten rende inn i ein fjellvegg i Alaska og måtte i tørrdokk.

Oljearbeidar

Eivind returnerte til Seattle og fekk hyre på ein fisketrålar. Han var heimom ein liten tur i 1969, og reiste heim til Varhaug for godt i 1970, same året som Linda vart fødd. Fire år seinare fekk dei Tom. Eivind dreiv med forskaling ei tid før han enda opp som ein del av oljeeventyret i Nordsjøen. Her var han i 29 år. Like fram til han gjekk av med pensjon.

- Åra i Nordsjøen var gode. Dette var arbeid eg kunne trivast med, seier han.

Eivind seier at han aldri kunne arbeidd i Nordsjøen utan Leid, som tok seg av heimen og barna.

- Leid har vore fantastisk, eg har vore heldig, slår han fast.

Skvetten eller redd har han aldri vore. Under helikopterturane ut på produksjonsplattforma falda han hendene over magen og fall i svevn så snart han hadde festa setebeltet.

- Eg kunne leggja alt i Guds hand. Det har alltid vore trygt for meg, seier han.

«Leid har vore fantastisk, eg har vore heldig».

På bønenes vengjer

Barnetrua frå heimen, skulen og søndagsskulen har følgt han gjennom alle åra. I USA fekk dei to kjenna at livet brått vart knalltøft. Då fekk dei fornya kristentrua.

- Me hadde foreldre, besteforeldre og andre heime som bad for oss. Me vart borne på bønenes vengjer, seier han.

Å få vera ein kristen og oppleva å få tilgjeving for syndene av berre nåde er stort, seier Eivind. Han fortel om fleire episodar gjennom livet der han har opplevd bønesvar.

- Kvar dag får me koma til Herren og møta nåde. Me kristne er eigentleg alt for tilknepte. Dette er verkeleg noko å jubla over og synge enda meir glede over enn megjer, seier han.

Eivind likar seg godt på Varhaug Misjonshus. Han er også glad i kyrkja og er ofte på gudsteneste der. Når orglet eller pianoet slår an tonane, er Eivind i storform. Han likar å syngja. At Musikklaget måtte slutta av etter årelang teneste for eitt års tid sidan, var tungt.

- Å reisa rundt på bedehus å syngja dei gode songane med Musikklaget var fantastisk gildt. Eg saknar det gode laget, turane, andaktane og alle dei gilde stundene me hadde i Musikklaget.

«Kvar dag får me koma til Herren og møta nåde».

Praktisk misjonsarbeid

Reising blir det framleis tid til. I alle fall under normale tilstandar. Campingvogna på Kvavik i Lyngdal blir flittig brukt. Ein sydentur i ny og ne gir fred i sinnet og sol på skinnet. Enda meir eksotiske reiser har det også blitt. For nokre år sidan var han med Ole Moi og ein mannfolkgjeng og monterte eit mjølkeanlegg på ein jordbrukskule på Madagaskar. Praktisk misjonsarbeid med andre ord. Det same kan seiast om engasjementet på gjenbrukbutikken på Nærø kor han er å finna to gonger i veka.

Eivind seier at opplevelingane og ferda gjennom livet har opna augo hans for velstanden i Norge.

- Me har nok blitt utskjemde her i landet. Fleire burde sett og vore meir takksame for kor fantastisk godt me har det.

Pensjonistlivet kan bli i rolegaste laget. Huset i Kyrkjevegen er selt. No bur Leid og Eivind i blokk i Stasjonen.

- Ein god plass å bu, understrekar han.

Dei to går tur mest kvar dag. Realt kroppsarbeid blir det mindre av nå. Men ein tur til broren, Tor Odd, i Kvinesdal, hjelper på. Her høgg han ved.

- Me er skapte for å brukha kroppen. Eg har fått behalda helsa i snart 80 år. Det takkar eg Gud for, seier Eivind.



Church of Bir Ya'qub

Der mesteren vandra

Per Åge Skretting

Ho som drakk levande vatn.

I Joh. 4 kan me lesa om då Jesus var på veg frå Jerusalem til Galilea. Det står at han gjekk gjennom Samaria. Så kom han til ein by som heiter Sykar, nær eit stykke land som det står at Jakob gav til sonen sin, Josef. Der var det ein brønn som vart kalla Jakobsbrønnen.

Jesus var trøtt av reisa og sat nå der ved brønnen, etter å ha gått vel 6 mil. Så kjem ei kvinne frå Samaria dit for å dra opp vatn. Jesus seier til henne: Gje meg å drikka! Den samaritanske kvinnan seier då til han: Korleis kan du som er jøde be meg, ei samaritansk kvinne, om å få drikka?

Jesus svarte: Kjente du Guds gáve og visste du kven det er som seier til deg: Gje meg å drikka, då hadde du bedt han gje deg levande vatn... Kvinnan seier til han: Herre, gje meg dette vatn!

Han seier til henne: Gå av stad, kall på mannen din, kom så hit! Kvinnan svarte: Eg har ingen mann. Jesus sa då til henne: Med rette sa du: eg

har ingen mann, for du har hatt fem menn, og den du har nå, er ikkje din mann.


Det talte du sant...Kvinna lot då krukka med vatn stå, og gjekk inn i byen og sa til folket der: Kom og sjå ein mann som har sagt meg alt det eg har gjort! Han skulle ikkje vera Messias?

Johannes fortel at då Jesus på grunn av fariesarane sin motstand forlot Judea og drog tilbake til Galilea, måtte han reisa gjennom Samaria. Det kunne vera ytre grunnar for det, for det fanst andre vegar der som gjorde det mogeleg for jødar å omgå Samaria. Kan henda Jesus følte seg driven til å leggja ruta denne vegen? Og det var nok nok tilfeldig at han rasta ved Jakobsbrønnen, mellom fjella Ebal og Garisim, der så mange høgtidelege hendingar i folket si historie hadde funne stad.

Ved Sikem, like ved, hadde stamfar Abraham rasta. 1.Mos. 126 ff. Her møtte Gud han og lova han dette landet for han og etterkommerane. Abraham reiste då eit alter der. Og nå sat altså Jesus der, like ved. Han bar i seg oppfyllinga av det som ein gong var lova Abraham.



Jesus og den samaritanske kvenna ved Jakobsbrønnen



Jacob's Well in 2013

Seinare hadde Jakob og bygd eit alter for Herren der, kjøpt eit stykke land (1. Mos. 33,18 ff) og gitt det til Josef og hans etterkomrarar. Under Josva vart han bein ført tilbake frå Egypt til Kanaans land og gravlagt på denne staden. Og der på staden mellom Garisim og Ebal var lova igjen opplesen for dei under inntoget i landet som var lova dei.

Kan henda heile historien passerte revy for Jesus nå han sat der på brønnkanten. Og som Jeus sat der og tenkte og roa seg ned etter ein slitsom marsj i varmen, kjem den samaritanske kvenna. Så stå ho pluteseleg der rett framføre ein mann som seier henne sannheten. Det går ikkje an å møta han utan at synda kjem for dagen.

Nokon har kalla Jakobsbrønnen for «sanningsbrønnen». Først synes det som om det bare gjeld drikkevatn han ber henne om. Ho ber han om vatn, det får ho, men det er livets vatn, nemleg den sanning om ho sjølv som frigjer. Når me får ta imot dette ordet om sanning,

vert me forvandla frå døde til levande. For løgn dekker synda vår og gjer oss til levande døde. Sanninga i Herren Jesus frigjer og fører inn i tilgjeving og vidare til ein nytt liv.

Det er denne sanninga Jesus gjer henne å drikka. I lys av sanninga viser det seg at denne kvenna, midt i det at ho var «blind». Høyre på sanningsorda og får mot til å til andre i landsbyen for å kalla dei til Jesus.

Frå historia

At denne Jakobsbrønnen er ekte kan det ikkje vera tvil om. Det er den einaste brønnen i dette historiske området, og den ligg ei eit viktig vegkryss, som stemmer godt med det Johannes fortel. Johannes fortel at brønnen låg like ved det jordstykket som Jakob gav sonen, Josef.

Dette jordstykket ligg ikkje langt i frå, og kjenneteiknet her er Josef si grav. Fagfolk seier at steinsettinga i brønnen er eit kanaanittisk arbeid frå ca 1800 f. Kr., altså akkurat på Jakobs tid.



Jacob's Well 1839

Brønnen er djup, ca 35 m. Den gamle byen Sikem (Sykar) har ei historie som går meir enn 4 tusen år tilbake i tid. I Bibelen er den nevnt rundt 60 gonger. Dei som har budd i dette området er etterkomarane til Josef. Efrain og Manasse stammer.

Rundt andre halvdel av 18. århundre fekk den gresk katolske kyrkja hånd om området. Det har vore bygd fleire kyrkje i området, som vart øydelagt av krig og ufred.

I dag heiter byen Nablus, og det bur ingen jødar der. Dei fleste er muslimar med små minoritetar av kristne og samaritanarar. Det bur om lag 150 tusen i byen, 30 tusen av dei i eit område som er kjent som Balata. Det er definert som ein flyktningeleir. Det ligg eit par til innan bygrensene. Leiren vart oppretta av UMWRA i 1950, for folk som flykta frå Jaffa, Lod og Ramla under den arabisk-israelske krigen 1947-1949. Den var tenkt å husa 5 tusen flyktningar, men har vakse mykje utan at området har vorte utvida. Frå 1948 til 1967 var Nablus under Jordansk kontroll. Seksdagerskrigen i 1967 enda med at Israel erobra Nablus. Frå 1980 og fram til tidleg på 1990-åra kom det mange

jødar som oppretta busetjingar i områda rundt. I Oslo-avtalen frå 12. desember 1995, vart byen gjeven til Den palestinske sjølvstyremakta. Nablus-såpa som er produsert sidan 900-talet vert laga av jomfruolivenolje, vatn og eit salt. Sjølv om talet på såpefabrikkar har minka frå kring 30 til i dag to, så vert denne kjende såpa eksportert til den arabiske veda og Europa.

Leiren er i dag prega av ekstrem overbefolking, därleg infrastruktur og høg fattigdom. 60 % er under 25 år. UNWRA driv fire skular i Balata, og eit helsecenter. Israelske regjeringer har reist buområde for desse utanfor, men dei nektar å flytta.

I rolege periodar går det an å besøka Jakobsbrønnen. Dette fordi det er ei greskortodoks kyrkje bygd over brønnen. Brønnen ligg i eit siderom i kyrkja. Jakobs grav er det vanskelegare å koma til.

Sentrums Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.
Scan QR koden og kom rett til
bestillingssiden. Eller gå inn på :
www.ledigtime.no/sentrumsalongen



SPAR



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19
E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 06.30 - 21.00
(08.00-20.00)

SpareBank SR-BANK



T. SKRETTING MASKINSTASJON

Dysjalandsvegen, 4360 Varhaug

Trond Skretting

mob. 906 80 143
mob. 975 54 681 (Erik)
trond@tskretting.no



www.tskretting.no

VARHAUG DAMEFRISØR

Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757

Varhaug Park & Hage

Tlf: 51 43 59 00 e-post post@vph.no www.vph.no



Murmester
Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid
Tlf: 992 50 989
Epost: post@waldeland-dubland.no

HUS • TILBYGG • REPARASJONER

Be om pristilbud på arbeid og materialer



Prisar for leige av Misjonshuset

org nr. 974 923 319

Gjeld frå 1. Januar 2021

Betaling til konto nr: 3335 11 24011 ----- eller ein kan nytte VIPPS nr 538580	Kristelege arrangement Eigarorganisjonanene (NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	Anna bruk SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	400	600	1300	2000
Anretnings kjøkken	400	600	1000	1200
MATSAL 1)	300	400	1200	1600
Kjøkken 2)	300	500	1200	1600
Ungdomssal	400	500	1200	2000
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	200	200	200
Foreningsrom 4)	100	200	200	200
Barnekjeller 5)	150	200	200	200

Merknad

- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
- 2): Ved kokking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
- 3): gratis for bønnemøter
- 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.
- 5): Ved leie av kjeller er det skoforbud, og det skal ryddast og vaskast etter bruk.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal kr. 5000 *)
 ” ” : bruk av anr.kjøkken og møtesal kr. 3500 *)

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

*) Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på sundag	1200	1300
Møteveke med fest på sundag	1600	2100
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	9000	-----
Basar (med tillaging dagen før)	1500	1500

NYTTÅRSFEST, heile huset, med tillaging 28-30/12 kr. 3000 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET

Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris pr stk	andre tenester	Pris pr time
Dukar (lin)	kr. 150.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200
Dukar (teflon)	kr. 100.		
Dukar (velour)	kr. 50.		
Bord (matsalbord til private selskap)	kr. 40.		
Stolar (gamle matsalstolar)	kr. 10.		

Det skal nå ikkje betalast 5% av omsetnad..

Varhaug, 27.mars 2020
 Styret for Varhaug Misjonshus.

Faste arrangement

Faste arrangement ajourført 7/10/2020
Faste arrangement på Misjonshuset

Vær gjei og meld fra om endringer til post@varhaug-misjonshus.no

	arrangement	dag	tidspunkt	rom	Kontakt	ttf
Høst -20 faste-arrangementer	Åpen Barnehage	Man. + torsdag (ikkje i ferie)	0900-1300	Matsal	Jeanette Tegle Tveit	41532651
	Pianoøving kulturskulen	mandager (pluss kl 1945-2030)	1330-1815	Matsal	Ragnvald Vernøe	41532618
	Homlebølet	-----PAUSE pga Corona	-----	-----	Kjellaug L. Røynås	92233840
	Ope hus	fredager	2000-2330	ungdomssal	Ola A. Ueland	47232012
	Spiren (3-5. klasse)	torsdag, oddetallsveke	1630-1800	matsal/kjøkn (møtesal?)	Kristin F. Skrettingland	41106529
	Spiren (4år – 2.klasse)	torsdag, partallsveke	1630-1800	matsal/kjøkn (møtesal?)	Silvie Haugstad	48235569
	Eldetreff	1. og 3. onsdag i mnd	1400-1600	møtesal	Lars-Jan Nord-Varhaug	51431002
	Søndagsskolen	Søndag, oddetallsveke	1030-1100	møtesal, matsal	Gunn Mari Djøseland	95911271
	Speideren, 2. - 4. kl	torsdag, partalsveke 2. kl 1645	3. 1745,1845	ute, Odlandsskogen	Ase Marie Varhaug	90702567
	Speideren, 5.kl og opp	annan kvar onsdag	1900-2030	ute	André Vagle	48145331
Høst -20	FRES, ten-opplegg	fredag, partallsveke	1800-2100	Ungds., kjøkken, kjeller	Mari Grove	99262949
	Urgdomslaget	lørdager, hele året	2000	ungd.sal (eller møtesal)	Sigve Kydland	91372021
	SUNDAG	søndag, oddetallsveke	1930	møtesal	Liv Skretting	97578557
	Sentrums menighet	søndag formiddag,partallsv.	1015-1230	møtesal	Torbjørn Hønnemyr	47856501
	Awana	søndag formiddag,partallsv.	1015-1230	barnekj./ungd.loft/matsal	Gina Ueland	47870409
Høst -20	bønnesamling	tirsdager i oddetallsuke	2030-2130	bønnerom	Solveig Horpestad	41731007

Kor-øvinger	Minikor	Mandager	1715-1750	Møtesal	Marie Vatne Dyngeland	98817527
	yngreskor	Mandager	1815-1915	Møtesal	Anne M. Fauskanger	95935486
	Hananja	onsdag, oddetallsveke	2000-2230	møtesal/matsal	Njål Omland	51431057
	UIL-Lovsangsgruppe	torsdager, hele året	1900-2130	møtesal eller ungd.sal	Marta Maria Håland	91245354
	SUNDAG Lovsangsgruppe	Tirsdager, hele året	1900-2130	Møtesal eller ungd.sal	Anne Birgitte L. Bøe	97100737

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2021-2022

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer</u>	<u>og dato</u>	<u>.</u>					
Solfrid Harbo 482 53 765 (Asbjørn Fauskanger 94157641)	51 14/12	6 8/2	14 5/4	22 31/5	30 27/7	38 20/9	46 15/11	2 10/1
Kristian Skrettingland 913 75 393 (Andreas Rasmussen 95768809)	52 21/12	7 15/2	15 12/4	23 7/6	31 2/8	39 27/9	47 22/11	3 17/1
Per-Arvid Jakobsen 51430082/926 17 652 (Tor-Jarle Ueland 91671417)	53 28/12	8 22/2	16 19/4	24 14/6	32 9/8	40 4/10	48 29/11	4 24/1
Torbjørn Honnemyr 479 56 501 (Martin Dyngeland 97055506)	1 4/1	9 29/2	17 26/4	25 21/6	33 16/8	41 11/10	49 6/12	5 31/1
Astrid Varhaug 51430336/992 29 781 (Sigbjørn Varhaug 97053731)	2 11/1	10 8/3	18 3/5	26 28/6	34 23/8	42 18/10	50 13/12	6 7/2
Tron Stokkeland 957 04 903 (Leif Nord-Varhaug 91192055)	3 18/1	11 15/3	19 10/5	27 5/7	35 30/8	43 25/10	51 20/12	7 14/2
Georg Høien 414 74 560 (Kjell Gunnar Arnesen 95486532)	4 25/1	12 22/3	20 17/5	28 12/7	36 6/9	44 1/11	52 27/12	8 21/2
Tarald Ånestad 906 37 516 (Ståle Ånestad 94885541)	5 1/2	13 29/3	21 24/5	29 19/7	37 13/9	45 8/11	1 3/1	9 28/2

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.
Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,
I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan òg nytte internettida for å bestille leige, sjå http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

Styret for Misjonshuset.

KULLSYREMASKIN

FRA AGA



899,-
inkl. patron

bytte av
patron
149,-

Finnes i sort eller hvit

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

EU kontroll •
Hjulstilling •
Service •
Tilhengerservice •
Salg av dekk •
Dekkhotell •



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

MALER OG GOLVLEgger

Jæren Gulv AS

Varhaug • Tlf. 488 48 700


LOTUS
BLOMSTER & GAVER



JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE

TLF.: 917 00 827 - VARHAUG



Bibelen til Paul Obrestad der dottera Brit fant salmen av Andreas Fitje. Sjå side 8 og 9.